



Reidar Georg Hvidsten
Soltveitvegen 61 A
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/278 - 18/32583

Saksbehandlar:
Inger Marie Jordal
Inger.Marie.Jordal@lindas.kommune.no

Dato:
29.10.2018

Invitasjon til informasjonsmøte

I samband med bygging av ny Alversund skule ønskjer vi å invitere til eit informasjonsmøte. Vi inviterer alle grunneigarar i området, sjølv om ikkje alle vert direkte råka av prosjektet.

Føremålet med møtet er å informere litt om prosessen, fortelje kor langt vi er komme og sei litt om kva som står att før vi kan starte bygging. Lindås kommune ønskjer å starte søknadsprosessen i november.

De vil få moglegheit til å komme med spørsmål til oss om de lurar på noko.

Møtet vert måndag 5. november 2018, kl. 19.00-20.30 på Alversund skule, personalrommet.

Vi ventar framleis på ein vedtatt reguleringsplan. Områdeplan for Alversund er forventa vedtatt 01. november 2018 i kommunestyret, slik at dette forhåpentlegvis er på plass når vi møtast.

Vel møtt!

Med helsing

Line M. Valle
konstituert einingsleiar

Inger Marie Jordal
prosjektleder

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

